

Forslag til endring av forskrift 20. mars 2017 nr. 386 om sektoravgift og gebyr til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

I

I forskrift 20. mars 2017 nr. 386 om sektoravgift og gebyr til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet skal § 15 lyde:

§ 15. Sektoravgift for spektrumsløyve

Innehavarar av spektrumsløyve skal betale sektoravgift. Sektoravgifta innehavarane av spektrumsløyve skal betale er samla sektoravgift etter § 2 første ledd *bokstav b* etter frådrag for sektoravgift og gebyr etter § 11 til § 14 og § 16.

20 % av sektoravgifta etter første ledd skal fordelast mellom innehavarar av spektrumsløyve med ein lik del for kvar samanhengande frekvensblokk dei disponerer.

Beløpet etter første ledd, der summen av andre ledd første punktum er trekt frå, skal fordelast mellom dei med spektrumsløyve i høve til bandbreidda som spektrumsløyvet omfattar. Bandbreidda blir tilordna ei vekt lik $1/f$, der f er senterfrekvensen i det frekvensbandet frekvensblokka ligg i. Bandbreidda blir òg tilordna ei vekt som i tabellen under. *Frekvensband som ikkje er nemnde i tabellen, vert tilordna ei vekt lik 1.* For regionale løyve blir vekta multiplisert med brøkdelen av befolkninga i Noreg som er busett i dekningsområdet for løyvet. For Svalbard blir vekta multiplisert med $1/100$. For området offshore blir vekta multiplisert med $1/5$. Sektoravgifta som blir rekna ut på grunnlag av disponert bandbreidde, er lik den vekta bandbreidda som spektrumsløyvet omfattar, delt på den samla vekta bandbreidda multiplisert med beløpet etter tredje ledd første punktum.

Frekvensband	Vekt
0–30 MHz	0,025
47–68 MHz	0,1
137–174 MHz	4,0
174–240 MHz	7,0
380–400 MHz	3,0
400–470 MHz	6,0
470–694 MHz	3,0
738–758 MHz	7,0
703–733/758–788 MHz	7,0
791–821/832–862 MHz	8,0
870–880/915–925 MHz	4,0
880–915/925–960 MHz	9,0
1427–1517 MHz	14,0

Frekvensband	Vekt
1710–1785/1805–1880 MHz	17,0
1900–1980/2110–2170 MHz	20,0
2500-2690 MHz	9,0
3400-3800 MHz	6,0

II

§ 25. Iverksetjing

Forskriftsendringane tek til å gjelde frå 1. januar 2023.